



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

02.12.2025

Vår ref:

2025/16111

Dykkar dato:

14.10.2025

Dykkar ref:

202319484

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad om redusert minstevassføring - Brattabøelvi kraftverk - Ullensvang

Statsforvaltaren rår frå å redusere minstevassføringskravet for Brattabøelva kraftverk.

Vi viser til høyringa av søknad om å redusere minstevassføringskravet for Brattabøelva kraftverk, og til avtalt utsett svarfrist til 5. desember.

Om søknaden

Brattabøelvi Kraft AS har søkt om å få redusert minstevassføringskravet for Brattabøelvi kraftverk frå 230 l/s til 143 l/s i sommarperioden, som er frå 1. mai – 30. september. Søkar meiner det er lagt til grunn feil 5-persentil i konsesjonssøknaden, då berekningane inkluderte eit sideløp, som blei teke ut av utbyggingsplanane før det blei gitt konsesjon. Likevel er minstevassføringskravet basert på oppgitt 5-persentil, som altså inkluderte vatn frå denne overføringa.

I søknaden er det vist til naturkartlegginga etter DN-håndbok13 i samband med konsesjonssøknaden, og det er ikkje utført ny kartlegging etter gjeldande metodikkkrav i Miljødirektorates instruks for NiN.

Vår vurdering

Eit høgareliggjande delfelt som inkluderer Skarvabottvatnet var allereie overført til Jukla kraftverk før Brattabøelva kraftverk fekk konsesjon. Tabell 1 i søknaden viser lågvassverdiar inkludert dette nedslagsfeltet; 5-persentil er 227 l/s for sommarperioden og 37 l/s for vinterperioden.

Søkar har lagt til grunn eit nedslagsfelt der om lag ein fjerdedel allereie er teke ut til vasskraftproduksjon. Foreslått minstevassføring basert på 5-persentil for sommar, er dermed underestimert.

Gjeldande minstevassføring om sommaren er derimot basert på 5-persentil i naturtilstanden, noko som er vanleg avbøtande minstevassføring i mange utbygde vassdrag. Vi vil understreke at minstevassføringa er det viktigaste avbøtande tiltaket for vasstilknytt naturmiljø. Det er ikkje utført nokon ny naturkartlegging etter gjeldande instruks, og det er ikkje grunnlag til å vurdere konsekvensane for naturmiljøet av å redusere minstevassføringa.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vi meiner at det ikkje er noko grunnlag for å redusere minstevassføringskravet for sommarperioden. Nivået for vinterperioden er derimot sett svært låg, og i tillegg er slukeevna i kraftverket (2,8 gonger middelvassføringa) svært høg samanlikna med dei fleste småkraftverka som har fått konsesjon dei seinare åra.

Vi vil, ut frå dette, klart rå frå å redusere minstevassføringskravet for Brattabøelva kraftverk. Det vil òg vere uheldig å justere på eit viktig avbøtande tiltak utan å vurdere andre faktorar knytt til utbygginga som påverkar naturmiljøet.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune
Vestland fylkeskommune

Opheimsgt. 31
Postboks 7900

5750
5020

ODDA
BERGEN